

Hallo, hallo!

Sender nokre ord sidan hausten ligg i startgropa. (Det gjer iallfall vi her oppe, vi har berre såvidt byrja kikke over kanten.)

Eg veit ikkje korleis det ligg an, om du tenker å pleie noko meir kontakt med KJ og desslike (etter det vi snakka om i vår), men uansett er dette med musikkpolitikk noko vi treng å forfølgje.

Sidan ingen av oss var på Skarnes undrar eg på om du likevel tek sjansen på å spørje Rønsen og Selsjord om dei er viljuge til å la manuskripta sine kopiere til interesserte i by og by? Eg skulle iallfall svært gjerne hatt kopi.

Elles føler eg sterkt behovet for ei samla framstilling av kva som er rådande statleg musikkpolitikk i Noreg (med uttrykte mål, lovgjeving, institusjonar for utøving, utdanning/forsking, tiltak andsynes ulike tradisjonar/kulturar o.l.). Det finst sikkert ein del spreidd rundt i ulike NOU, men har t.d. Åse Kleveland peil på om Norsk Musikerforbund har laga noka samanfating (dvs. av meir sosialdemokratisk art)? Dersom jungeltelegrafan i Oslo er taus om emnet, får du spela ballen tilbake hit.

Planane om musikkpolitikksirkel dreg framleis i langdrag. Eg sit stadig og revurderar disposisjonen/vinklinga. Her er siste variant:

- 1) Kva er
 - den norske statens
 - det norske borgarskapets
 - musikkindustriens
 - supermaktenes musikkpolitikk?
- 2) Kva meiner vi om
 - nasjonal musikk
 - Melodi Grand Prix
 - internasjonal utveksling/overtaking?
- 3) På kva måtar meiner vi musikk
 - har fungert
 - kan fungere
 - politisk progressivt? Revolusjonært?
- 4) Korleis drive
 - artistisk arbeid
 - grupper
 - repertoarpolitikk
 - formidling
 - på progressivt evt. revolusjonært vis?
- 5) Kva for krav må vi stille til statleg musikkpolitikk
 - i dag?
 - under sosialismen?

Ser ikkje bort frå at dette òg kan bli revidert, men det er iallfall meir direkte retta på musikkpolitikk enn tidlegare utkast, som går større omvegar via musikkhistorie, kulturteori, gjennomgang av musikklivet i historiske rørsler o.l. - som er viktig nok, men der det er lett å miste av syne at målet er å ta stilling til kva politikk vi skal følgje.

Trøbbel i samband både med 1.mai og RV-program er at vi har for få fingrar i jorda til å grava fram dei verkelege brannfaklane, kulturpolitisk og særleg musikkpolitisk. Folka her var på meg i sommar, og det einaste eg hadde å tilby dei, var

eit prinsippnotat der eg prøvde å gjera dette problemet meir konkret:

"Vi treng betre føling med det organisatoriske landskapet, med dei ulike nivåa kulturpolitikk blir praktisert på:

- Offentlege organ og kulturadministrasjon
- Institusjonane (for produksjon/bevaring, eller opplæring)
- Dei friviljuge organisasjonane
- Diverse grupper, artistar, kunstnarar
- Grasrota av aktive amatørar
- Publikum - og dei som sit heime

Spørsmålet er ikkje berre det sosialdemokratiske - å bidra til allmenn aktivitet ved å kanalisere pengar - men å gå nøyare til verks i å stake opp mål og metodar. Måla våre er:

- Nasjonale: I den internasjonale stoda i dgg, der Noreg som nasjon fort kan bli ei pølse i slaktetida, er styrking av livskraftig norsk kultur ein vesentlåg del av beredskapen. (Det seier seg sjølv at dette må vera ein godlyndt patriotisk og ikkje ein sjåvinistisk kultur. Utvikling av internasjonalisme er òg ein del av denne beredskapen.)

- Demokratiske: Økonomiske krisetider fører lett med seg åtak på dei demokratiske rettane vanlege folk har vunne seg. Kultur er både eit spørsmål om grobotnen for anti-demokratiske idear, og om folk har sjølvtilitt til å gjera aktiv bruk av rettane dei har. Vi vil at flest mogleg skal vinne kunnskap, innsikt og uttrykksevne gjennom ymse aktiv kulturverksemd.

- Sosiale/helsemessige: Utviklinga av kapitalismen (sentraliseringa/raseringa) riv opp mykje av det primære sosiale nettverket folk har hatt å stø seg på. Aktiv kulturverksemd og arrangement kan sveise folk saman, skape miljø, styrke folk sosialt slik at psykiske og helsemessige problem får mindre dimensjonar - òg med den følgja at folk lettare kan organisere seg og kjempe, før eller etter.

- Revolusjonære: Vi vil at folk skal vinne innsikt i historia og samfunnet, og sjølvtilitt til å handle, for at flest mogleg skal sjå at kapitalismen kan og må erstattast med sosialisme/kommunisme - og delta aktivt i å setja dette om i praksis."

(- Kulturelle mål? Er ikkje måla ovanfor kulturelle i høgaste grad? Blir ikkje kulturelle mål utan feste i måla ovanfor som å løfte seg sjølv etter håret? Kanhende finst det fleire samfunnmessige mål å stille opp, men kultur er i fyrste rekke måten vi lever på, tenker på, er (u)like andre menneske før og nå. Kulturpolitikk er spørsmål om å oppretthalde eller endre kulturen, og i så fall i kva for retning - difor måla ovanfor.)

"På dette grunnlaget kan vi så stille spørsmål som:

* Kva for perspektiv, leietråd, profil dominerar kulturlivet og rådande offisiell kulturpolitikk i praksis, samanlikna med måla ovanfor?

* Er den nåverande organiseringa av offentlege kulturtiltak eigna for å nå måla ovanfor? (Døme: Budsjett & stillingar for samarbeid profesjonelle - amatørar.)

* Er løyvingane tilstrekkelege til å sikre ei positiv utvikling i høve til måla våre? (Døme: Kan folkemusea utvikle samlinga, eller står husa og rotnar? Har teatra råd til å spela kontroversielt stoff og turnere?)

* Kvar set kapitalismen bom for dei tiltaka og endringane som måla ovanfor føreset?"

Eg meiner framleis at kulturpolitikk er langt meir enn kunstpolitikk. Stein Mehren har skjønna dette, sjølv om slutningane han dreg kan diskuteras. Godt boktips: Ulf Hannerz/Rita Liljeström/Orvar Löfgren: Kultur och medvetande; en tvärvetenskaplig analys (Förlaget Akademilitteratur 1982 (ISBN 91-74140-186-2)).

Kommentar?